

i korga. Lonen har fin fisk. Den var enda finere før. Da var det vanskelig å få den mindre enn $\frac{1}{2}$ kg. Du kan få den stor idag også, men det er ikke lenger så lett som før.

Studerer du kartet, vil du se at Lonen ikke er noe enkelt vatn. Jeg skulle ønske at riktig mange av dem som har fjella og vatna kjær, kunne få være med og fare fra «kjøs» til «kjøs» som mine venner kaller disse små tjerna som henger nesten sammen, ofte bare med 3—4 m imellom. Det er alt dette som er Lonen; for en lon er nettopp en slik samling av småvatn. Her er idealforhold for stangfiskeren. Han har alltid følelsen av at han når ut til fisken med redskapen. I haugene rundt omkring er det også tjern på tjern. Der kan det hende at eventyret dukker opp. Surr fra snella kan bli kvassere enn ellers. Men jeg skal tie om i hvilken av småtjerna han står, jeg unner deg spenninga ved å leite og prøve.

Når du så må vende nesen mot dalen igjen, rår jeg deg til å ta over høgdene mot Laugen. Stanser du på högda over vatnet, ligger de foran deg Fosenfjella, rygg over rygg. Imellom dem vet du at det er myriader av myrer, elver og vatn. Der raker Bjørndalshei og Lysvasshei, og under bor en og annen i villmarka. De vil hilse oss hjertelig velkommen i sitt rike når vi neste sommer legger veien dit.

*

Burde T.T. lemme disse strøka inn i sitt virkefelt? Bør her bli vardete stier, turisthytter og «alfarvei»? Det kan være delte meninger om den ting, men jeg tror at både de som lever der ute og de som ellers har fått fjellheimen der kjær, vil håpe at naturen må få være fri. Det vil ikke si at du ikke er velkommen dit. Nei, ingen steder er vel folket mere gjestfritt enn ute ved kysten. Men de vil at du skal legge igjen bymannen, at du skal bli et ganske alminnelig menneske som søker til naturen etter dens kraft. Slike mennesker trives best der freden er størst. De har lært å tie når opplevelsen er rik, og den tause vandrer går helst ensomme stier. De vardete veier får være i fred.

DEN GAMLE HALTDALS-KYRKJA


Av Jens Halstein Nygård

Mange har sikkert sett den gamle stavkyrkja som stod ute i gårdsplassen åt Vitskapselskaps-museet, og i dei seinare åra før krigen oppe på Sverresborg, men nedtatt under krigen, og oppsett att på Sverresborg. Dette er den gamle stavkyrkja frå Haltdalen, truleg den einaste stavkyrkja som no er att i Trøndelag. Ein meiner denne kyrkja vart bygd kring 1300-talet.

Når du går av toget på Haltdalen stasjon, vil du oppe på bakken tett opp for stasjonen sjå ein enkel minnestein. Denne steinen vart reist i 1928 av interesserte bygdefolk etter initiativ av Haltdalen mål- og ungdomslag, og står der ein meiner kyrkja vart bygd, — i Øvstlia. Ikring denne «Øvstli-skallen» meiner ein gravplassen har legi.

Når denne kyrkja vart bygd, såg det nok annleis ut her enn det gjer no. Det var nok den gongen neppe mange gardar i bygda, og mesteparten av det som no er dyrka mark, var den gongen skog og skog, med krøtterrekstrer og kløvjestigar gjennom. Det kan nok synes rart at det vart bygd kyrkje etter så få gardar, men det var nokså mykje som den gongen hørte til Haltdalen prestegjeld. Attåt Ålen og Singsås (som den gongen var større enn no) hørte Røros-bygdene til Haltdalen prestegjeld, — ja ein meiner heilt sørover til Os og Dalsbygda. Og frå alle desse bygdene kom så folket strøymande etter stigane i skogen når det var kyrkjehelg. Litt tungvint, ikkje sant?

Og enda verre var det når det var gravferd frå desse bygdene. Det er fortalt at det i Dalsbygda like opp til vår tid har



Der kyrkja sto

Olaf Havdal

vori att bærer som vart bruka når dei transporterte lika hit til Haltdalen. Dei festa da båra mellom to hestar, og transporterte lika den lange vegen. Enda er det fortalt at det henda det var så hålt og iset nedover lia til kyrkja at dei ikkje kom ned, men måtte sette att liket oppe på Kjølen til det vart betre føre.

Om kyrkja i den eldste tida — den katolske tida — veit ein ikkje så mykje. Det er nok rimeleg at kyrkja her — som andre stader — var rikt utstyrt med kosteleg inventar, — bilete og andre ting. Det er meint at Olavs-antemensalet, som no står i Domkyrkja, frå først av skal ha hørt Haltdalen kyrkje til. Er dette tilfelle har nok ikkje denne gamle kyrkja vori av dei ringaste.

Ein liten episode frå denne tida skal ein ta med. Ein sprettande kald vinterdag skulle eit haltdalsbarn til dåpen, men så var det glømt å varme vatn (det fans sjølvsagt ikkje omnar i kyrkja). Presten visste ikkje si arme råd. Han fann ingen annan utveg enn å la kyrkjelyden gå fram og spytte i døpefatet, og i dette vart så

barnet døpt. Men dette var sjølvsagt ikkje etter reglementet, og heile forholdet vart meldt til sjølvaste paven i Rom, som sa at dette fekk gå upåtaalt denne gongen, men det måtte «holtålinger og andre barbarer» vite at slikt gjekk ikkje.

Den gamle katolske messeboka frå Haltdalen kyrkje er enno til, og fins hos Det kgl Vitenskapsselskap i Trondheim. Ho er trykt i året 1519. På permen er det innført ymse notisar etter reformasjonen, om inventar og landskyld til prestegarden m. v. Du kan gå innom og sjå ho.

Men folketalet i bygda auka, og når ein kjem opp i 1600-talet var kyrkja vorti for lita. Kring 1604 hadde ho ein større reparasjon og utbetring. «— thi i 1604 er kirkens indre blevet bemalet med delvis endnu bevarede arabesker, hvad der viser sig af en indskrift, der løber langs korets vægge oppe under taget, og af hvilket jeg har kunnet læse: «af det VI capitel Lucae oc om kong Herodes, hvorledis hand lod ha (Ishugge Jo)hannes baptista for sin datters dans i st Mathæi XIII Capitel. Anno 1604-on», står det i professor Dietrichson's «De norske stavkirker».

Det er enkelte som har meint at kyrkja vart flytta ned til elva i 1604, men det er mindre truleg, det var nok først 100 år seinare.

Det kan kanskje interessere å sjå liste over inventaret i kyrkja i 1664:

«1 kalk og disk af sølv og forgylt veier 24 lod som er gjort af nye, 1 messehagel med gul og brun farve, 1 bibel som bruges til alle tre kirker, 1 alterklæde halvten af dreyel, og halvten af lerred, 2 jernlysestager med tinbeslag, hver 6 piber, 1 haanddug, 1 tørklæ til kalken, 4 tjærekjedler — 1 paa $\frac{1}{2}$ vog, 1 paa 1 pund, 1 paa 2 pund og 1 paa $1\frac{1}{2}$ pund, 2 jernlysekroner med tinbeslag, 2 paselige klokker i taarnet, 1 ildkar af kobber veier $2\frac{1}{2}$ mark, 1 bækken i funten veier $2\frac{1}{2}$ mark, 1 Luteri postil, latinee, 1 alterbog, 1 salmebog, 1 ny messehagel med gullsnorer bagpaa.»

Videre skal vi ta med nokre liner av Dietrichson «De norske stavkirker»:

«Plankene ved den søndre portal viser boninger af flade pilastre med afskaaret basis, der erindrer om kapitalen paa en af dørene

i Reins klosterkirke (i sten), der igjen har sit oprindelige forbillende i irske stenkirker. Kirkevæggene er lidt anderledes sammensatte end sedvanlig: istedenfor at hver planke ellers har fjær og nut, har her hveranden planke 2 fjær og hveranden 2 nut. (Samme ordning finnes delvis i Finnestuen på Voss, og i enkelte andre kirker.) Om en senere tid taler spidsbueaabningen i den nordre væg, en saakaldet skrifteluge, der maaske er oprindelig. Ogsaa tagkonstruktionen antyder en senere tid, idet kjølbuens knæforbindelse er erstattet ved 2 skraabjelker, der mødes over en undre bjelke. Taget er spaantækt, dog er kun de nederste rader oprindelige. Kirken har, foruden de 2 ovennævnte indgange, ogsaa havt en indgang til koret. Dimensioner: skibet 19'6" langt \times 19'2" bredt, koret 11'2" langt \times 10' bredt.»


Men i 1704 var eller vart nok kyrkja flytta. Truleg var vegen — som før hadde gått oppe i lia — da lagt nedmed elva. Kyrkja vart da oppsett tett ved den gamle prestegården, — no kommunelocale. Den gamle kyrkja vart tatt til kor i den nye kyrkja, og så vart det attåttømra skip. Oppfor kordøra var årstalet 1704 innhoggi i ein stокk, så det truleg er da kyrkja vart flytta ned. Det var altså attmed denne kyrkja den svenske herføreraren Armfeldt heldt feltgudsteneste juledagen åt dei utarma soldatane sine under ulykkesfelttoget i 1718—19.

Men i 1880-åra var òg denne kyrkja vorti for lita og skral, og den noverande kyrkja vart bygd. Den eldste delen av den gamle kyrkja — koret som altså er den opphavelege kyrkja — vart så gitt til Vitskapsselskapsmuseet, og den er det som no skal reisast oppatt på Sverresborg. Du bør sjå innom ho når ho er oppsett att. Ho har kanskje litt å fortelle deg. For dei veggene har sett mange tideskifte, — mange former for religiøs kultur og religiøst folkeliv. Dei har litt å fortelle deg. Og nyttar du fantasien, kan du høre eit og anna frå veggene her.

Og skal du til Nordpå, så stikk ein tur opp til minnesteinen i Øvstlia før du tar turen oppover Bjørg-bakkane. Her har du utsyn over bygda. Og så kan du attåt prøve å nytte fantasien, og tenkje deg korleis her såg ut når kyrkja vart bygd her. Du kan kanskje få auge på kyrkjefolk på veg gjennom tjukkskogen, på brureferd

med spelemann og alt anna, eller på ein flokk sorgtyngde kvinner og menn bugtande seg fram mellom trea. Plassen har eit kvart å fortelle deg.

Men no er det å vone at denne einaste stavkyrkja vår blir oppsett og sett i stand. Enn om vi fekk henne fullt restaurert, slik at ein kunne få halde kyrkjelege handlingar her? På museet har vi fleire ting av inventaret i den gamle kyrkja: preikestolen, døpefont, altertavle, lyskroner o. m. Dette kunne ein få tatt i bruk. Skulle ikkje det vera høgtideleg?



Kyrkja, slik ho står på Sverresborg idag

Schröder